

Statuttar for Hannaas-førelesinga

/Fastsette av instituttleiaren ved LLE 11. februar 2008.

/Reviderte av Programstyret for nordisk 9. desember 2013 og godkjende av instituttleiaren [dato]./

1. Hannaas-førelesinga er ei årviss gjesteførelesing ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium og vert halden til minne om Torleiv Hannaas (1874–1929), professor i vestlandsk målgransking ved Bergens Museum frå 1918.

2. Førelesinga vert halden den 18. oktober eller ein arbeidsdag nær den datoen.

3. Førelesingsrekkja tener til å styrkje det nordiske perspektivet på forskinga.

4. Førelesingane handlar om sentrale tema innanfor dei fagområda som soknar under nordisk.

5. Førelesingane vekslar mellom fagområda, vanlegvis i denne rekkjefølgja (med start i 2014):

- * nordisk fagdidaktikk
- * norrøn filologi
- * nordisk litteraturvitskap
- * nordisk som andrespråk
- * nordisk språkvitskap

Programstyret for nordisk kan avgjere at rekkjefølgja skal fråvikast.

6. Førelesarane kjem som ein hovudregel frå ein forskingsinstitusjon utanfor Noreg.

7. Førelesingane er opne for alle.

8. Ein komité av vitskapleg tilsette har ansvaret for å velje ut og invitere førelesaren, i samråd med det aktuelle fagområdet, og å styre dei faglege og sosiale delane av arrangementet (inkl. invitasjon av Hannaas sin familie og annonsering ved UiB). Studentmedlemmane i programstyret hjelper til med å gjere førelesinga kjend for studentane.

9. Programstyret for nordisk peikar ut medlemman i komitéen. Komitéen er normalt samansett av to medlemmar av programstyret: representanten for det aktuelle fagområdet og for det fagområdet som hadde førelesinga året før. Utpeikinga skal normalt skje før årsskiftet.

10. Administrasjonen ved instituttet yter naudsynt praktisk hjelp i samband med arrangementet.

11. Instituttet dekkjer utgifter til reise, opphald og honorar for førelesaren og ei lunsj- eller middagstilstelling . Instituttleiaren fastset dei finansielle rammene for arrangementet etter søknad frå komitéen.

12. Desse statuttane er fastsette av instituttleiaren . Dei kan reviderast av Programstyret for nordisk med etterfølgjande godkjenning frå instituttleiaren.